

## Årsmøte Lussevika hamn 2022

1. Orientering om status på Tinglysing av båtplassar og vurderinga om Lussevika havn skal skiljast ut som eige rettssubjekt.
2. Straum til kaier og flytebrygger

Styret har sett og henta inn prisar på ulike "måtar" for å etablere straumpunkt på alle kaier og flytebrygger. Styret ønskjer at desse punkta skal gå på ein felles straummålar og vere eit tilbod for alle medlemmar i Lussevika havn.

Me har fått pristilbod på 119 000,- frå Lindesnes Elektro. Styret ser ikkje at det er rom for dette på årets budsjett, men vil sjå på ein trinnvis utbygging når det er økonomisk rom for det.


Styret sitt forslag til vedtak på årsmøtet:

*Styret får fullmakt til å etablere straumpunkt på alle kaier og flytebrygger i ein trinnvis utbygging når det er økonomisk rom for det.*

### 3. Budsjett for 2023

Årsmøtet har vedtoke at ein ønskjer eit felles havnestyre for Lussevika havn. Sentralt i ein felles havneorganisasjon er økonomi. Vert ein ikkje einige om eit budsjett og medlemskontingent ser styret at det vert vanskeleg å ha eit felles havnestyre.

B1, B2 og B3 har hatt vedlikehaldsansvar for sine kaier. Flytebryggene FB1 og FB2 og bølgebrytarar BB1 og BB2, har vore drifta og vedlikehaldt av Lindesnes gårdsutvikling (LGU) fram til i dag. Styret har forståing for LGU ønskjer å overføre drift og vedlikehald til eit felles havnestyre, det er vanleg i alle havner. LGU må betale kontingent for alle sine båtplassar på lik line med alle andre.



Budsjettet baserer seg på 3 element.

- Ein fastkontigent, som i 2022 er 500,-, som skal dekke forsikring, felles drift av molo, parkeringsplassar, vasspostar, båtslipp, eventuelle straumpunkt, badestigar og andre nødvendig driftsutgifter og servicetilbod.
- Ein del som går til drift og vedlikehald av bølgebrytarar, den er lik for alle medlemmane.
- Ein del som går kun til de som har båtplass på flytebryggene som skal dekke drift og vedlikehald av flytebryggene.

Det er viktig å forstå at det ikkje er noko kopling mellom flytebryggene og bølgebrytarane. Alle 4 har eigne forankringspunkt. FB1 har langgang til molo, men er ikkje forankra i moloen. FB2 har landgang til BB1, men er ikkje festa til BB1 på noko vis.

Styret har hatt kontakt med Telebryggene som har årleg kontroll og utbetrar feil og manglar på både FB1, FB2, BB1 og BB2. Dette er nødvendig både for å ha eit funksjonelt anlegg og i forhold til forsikring. Desse arbeida kan sjølvstekt konkurranseutsettast på eit seinare tidspunkt.

Telebryggene opplyser at bølgebrytarar og flytebryggeanlegg i tilsvarande havner normalt har ei levetid på 30 år. Forankringar og moringar må skiftast om lag halvvegs (15 år). Utgifter til vedlikehald vil derfor variere, men normalt nå ein topp etter 15 år og sjølvstekt etter 30 år. Anlegget i Lussevika nærmar seg nå fort 15 år.

Utgifter til vedlikehald av flytebrygger og bølgebrytarar, er basert på erfaringstal frå Telebryggene for de 4 siste åra og er innarbeida i budsjettet. Det er i tillegg sett av 100 000,- til større investeringar i framtida. Telebryggene har vurdert at vedlikehaldsutgiftene til flytebrygger og bølgebrytarar fordeler seg 50/50 i same perioden. Kontigentar vil måtte justerast over tid i forhold til reelle utgifter.

LGU har opplyst havnestyret om at dei vil fakturere driftsutgifter tilbake i tid, så vidt me forstår kan de gå 3 år tilbake i tid. Det vert eiga sak på neste årsmøte.

#### Lussevika hamn - budsjett 2023

##### Inntekt frå medlemskontigent

Kai	Ant båtpl	Grunnbeløp	Bølgebrytere	Flytebrygger	Sum
B1	27	500	800	0	35100
B2	27	500	800	0	35100
B3	40	500	800	0	52000
FB1	27	500	800	1700	81000
FB2	38	500	800	1700	114000
			<b>Sum</b>		<b>317200</b>

##### Budsjett

Forsikring	20000	
Vatn/straum	15000	
Kontroll	15000	
Vedlikehald FB1+FB2+BB1+BB2	140000	
Diverse	27200	
Avsetting til større vedlikehald/utskifting BB1 og BB2	100000	
	<b>Sum</b>	<b>317200</b>

Havnestyret starta tidleg i 2021 ein prinsipiell diskusjon om korleis utgiftene skulle fordelast. Det var då semje mellom alle medlemmane i styret, utanom representanten for B1, om at bølgebrytarane er nødvendig for at havna skulle fungere optimalt, både i forhold til bølger, drivved, tang og søppel. Representanten for B1 har heile vegen vurdert at bølgebrytarane ikkje er nødvendig for B1 og finn ikkje at B1 skal vere med å betale for vedlikehald av desse.

Styret har vidare handsama det føreslåtte budsjettet og kontingent på 3 styremøte i vår. Det har vore usemje, men ikkje kome alternative forslag. 5 av medlemmane i styret er for budsjettet/kontigentane slik det er presentert over, medan representanten for B1 er i mot.

Styret sitt forslag til vedtak:

*Årsmøtet godkjenner budsjett og kontingent for 2023 slik det går fram av denne saka.*

#### 4. Val av styre

Havnestyret er ikkje ein eigen organisasjon, men ein del av SLV. Representantane vert valde på årsmøtet i SLV. Havnestyret vèl sjølv leiari på første styremøte etter valet. Ein tek sikte på at styret skal bestå av grunneigar og representantar for kvar av kaiene B1, B2 og B3 og flytebryggene FB1 og FB2.

Styret har i 2021/2022 hatt følgjande medlemmar:

FB1	Ole Bjørn Maråk	Tek ikkje gjenval
FB2	Harald Reime	Ikkje på val
B1	Svein Otto Vik	Tek 2 nye år
B2	Brynjulf Øie	Ikkje på val
B3	Rolf Marcus Eskeland	Tek 2 nye år
LGU	Espen Regevik	Ikkje på val

